

Solnedgang nordaust i Tigray, ved Gheralta Lodge.

Ei reise tilbake i tid

Biletet vårt av Afrika inneheld gjerne mest tørke, krig, fattigdom og svolt, berre ispedd praktfulle soloppgangar og solnedgangar. Men kjem ein dit, finn ein fort ut at biletet er så mykje meir mangfaldig, eit enormt kontinent som eigentleg har alt å by på.

Og Etiopia, som vi var så heldige å kome til, er neppe det minst mangfaldige landet i Afrika, enormt stort i areal og med eit folketal som har passert 80 millionar.

Det er Åshild Dale og Jostein Sande i Dalsbygda som fortel dette, nyleg heimkomne frå travle og spennande møtedagar og felttur i Etiopia.

Bakgrunnen er det mangeårige engasjementet deira som vertskap for fredskorpsdeltakarar, i alt 13, frå mange land i sør, særleg Afrika, men òg Sri Lanka og Honduras. I alt fire frå Etiopia har fått oppleve nokre hektiske sommarveker i Dale og på Herdalssetra.

Utveksling for berekraftig utvikling

– Vi var så heldige å få bli med på ei samling i regi av Utviklingsfondet, der den vidare utviklinga av prosjektet Exchange for Sustainable Development (ESD), utveksling for berekraftig utvikling, sto på programmet. Dette utvekslingsprogrammet kom i gang i 2002 og er i dag eit samarbeid mellom Utviklingsfondet, Noragric (UMB-Ås) og Bioforsk i Noreg og nærskylde organisasjonar og institusjonar i sør. Sidan 2002 har samarbeidslanda i sør vore: Honduras, Namibia, Sri Lanka, Etiopia, Tanzania, Malawi, og Nepal, der først og fremst dei fem sistnemnde er involvert i utvekslingsprogrammet pr. i dag. Med under samlinga i Etiopia var det folk frå organisasjonar og universitet i desse landa, så det var ei mangfaldig og spennande forsamling, fortel Åshild og Jostein.

– Gjennom ESD har vi fått eit vidt nettverk av venner og kontaktar i mange land, fleire av ESD-deltakarane har kome attende på besøk og vi er invitert til mange land – men først bar det altså til Etiopia.

Vekst og armod

Ein del av møtet gjekk føre seg i Addis Abeba, der Utviklingsfondet har kontor.

– Møtet med denne gigantiske hovudstaden var litt skremmande. Mellom anna på grunn av det afrikanske toppmøtet krydde det av væpna vakter.



Trivelege born i landsbyen Tukul i Tigray.

Opphaldet i hovudstaden baud elles på besøk på fleire museum, palasset der den store etiopiske herskaren Haile Selassie heldt til fram til revolusjonen i 1974, og gamlebyen med utsikt over byen.

Etiopia er inne i ein sterk økonomisk vekst med enorm byggeaktivitet, men like tydeleg i bybiletet er armota i form av tiggjarar.

– Sterkt inntrykk gjorde dei tusenvis av kvinner med enorme bærer med ved som vi møtte på vegen opp i høgdena ovanfor byen. Og langsmed vegen står små born – somme heilt ned i 1-2 års alder – og rettar fram hendene samstundes som dei formar ord som "give" og "money". Sterke opplevingar og ei påminning om kor skeiv og urettferdig verda er. Eigentleg var det godt å koma vekk frå Addis Abeba, til den mindre byen Mekelle langt nord i landet og, ikkje minst, å koma ut på landsbygda, seier Åshild og Jostein.

– Men samstundes må det seiast at det er lite vald og kriminalitet i storbyen, ein går truleg tryggare rundt i Addis Abeba enn i dei fleste europeiske byane.

Frå krig og konflikt til håp

Fleire av dei etioparane som har vore hos Åshild og Jostein har opplevd kva krigen og konflikten mellom Etiopia og Eritrea


har ført til, og dei har fortalt om det, slik at dei kjente tilhøva i Tigray-provinsen og byen Mekelle litt frå før.

– Likevel er det annleis å *vere der*, sjå spora etter krigshandlingar og få historiene nærare inn på livet, seier Åshild og Jostein.

Framleis er det spent i grenseområdet, som så lenge det varer, er under FN-kontroll.

Sentrale samarbeidspartnarar for Utviklingsfondet i denne delen av Etiopia er Relief Society of Tigray (REST) og kvinneorganisasjonen Women's Association of Tigray (WAT), og den formelle delen av konferansen gjekk føre seg i hovudkvarteret til WAT. Der utgjorde også Anita Land frå Stangvik på Nordmøre ein del av vertskapet. Anita arbeider i Bioforsk Økologisk og er deltakar i utvekslingsprogrammet, utplassert hos WAT i eit år.

– I tillegg til dei formelle møta var det også lagt opp til mellom anna omvising på ein "biofarm", eit stort forsøks- og kurscenter for økologisk landbruk. Marknadsdagen i Mekelle var elles ei utruleg oppleving, der hundrevis av kyr, sauer, geit og kamelar vart mønstra for kjøp og sal. Fint var det også å få oppleve lokale mattradisjonar mellom anna på restauranten som WAT-kvinnene driv. Mange spennande rettar av geitekjøt. Høgdepunktet var nok



Det er spanande å bli fotografert.

likevel den to dagars feltturen til småbyar og bygder nord for Mekelle, eit møte med lokalsamfunn og einskildmenneske som vi aldri kjem til å gløyme, seier Åshild.

Tørt lende

Enkle steinhus, gjerne berre eitt rom for store familiar, i eit så tørt lende at dei knapt kunne tru at noko kunne vekse der.

– Smil og atter smil om levekåra er svært enkle, og ein gjestfridom som gjorde utruleg sterkt inntrykk. I landsbyen Tukul, med omlag 700 innbyggjarar, fekk vi møte mange som har fått opplæring og hjelp frå WAT. Ei heilt unik opplevinga var det da vi vart bedne inn i eitt av bustadhusa i landsbyen og traktert på



aller beste vis med ein kaffiseremoni som omfatta mest heile prosessen frå grønne kaffibønner til ferdig drikk. Attåt vart vi servert ei saftig kake med honning til. Honningen i Tigray er forresten vide kjent, og eit satsingsom-



Symfaring på eit vassprosjekt REST arbeider med. Det var alltid ei gruppe ungar som gjerne ville vere med på biletet.

råde for både Utviklingsfondet og dei lokale organisasjonane. På flyet sørover til Addis Abeba hadde vi merke til at dei reisande hadde med seg store kjerald med honning.

Vandring med mykje attåt
Andre dagen av feltturen var mest "markvandringar" med fokus på mattryggleik og korleis naturen kan rehabiliterast, etter til dømes tørke, flaum og nedbeiting, slik at ein kan gjere folk

i området mindre sårbare for svingningar i matproduksjonen frå år til år.

– Ein lokal leiar i REST, følgde oss til mange interessante lokalitetar og overalt vart vi mottekne med smil, interesse og



Når møta foregjekk ute var det godt å søkje skuggen. Her frå eit møte med eit lokallag av Women's Association of Tigray.

gjestfridom. Ungane kom pilande frå alle kantar, kontaktsøkjande og spontane når til dømes Åshild ville høyre og vere med på lokale songar og leikar – og heilt spontant vart Åshild òg midtpunktet i "kurs i småljåslått".

Ein gut i tenåra tala godt engelsk, og dermed vart det ei spennande stund med kulturutveksling verkeleg på grasrotniv.

– På vegen attende til Mekelle møtte vi følgje etter følgje med folk jagande på kyr, sauer og geit i alle variantar. Somme på vandring mellom beiteområde, andre på veg heimatt frå marknad i næraste byen. Sjølv sagt kravde Jostein stopp så snart det dukka opp geit, så no inneheld fotoarkivet til Åshild og Jostein enda fleire bilete av geit! Geitene i Etiopia er hovudsakleg til kjøtproduksjon.

Håp

Åshild og Jostein er samstemte om at det trass i fattigdom og enkle levekår er mykje håp i Etiopia.

– Dagane i Etiopia ga oss tru på at det nyttar, vi fekk sjå resultat og framgang av tiltak som vi har vorte fortalt om av dei som tidlegare har vore hos oss. I samtalanane med folk fekk vi veldig mange døme på viljen til å løfte i lag, finne fellesskapsløysingar.

Dei føler at det i ein slik samanheng er viktig å minne om at landet vårt for 100 år sidan var eitt av dei fattigaste i Europa.

– Samarbeid og fellesskapsløysingar skapt av gode hovud og dyktige hendar løfta landet vårt ut av fattigdom og skeivfordeling. Gode hovud og dyktige hendar har dei mykje av i Etiopia óg, likskapen med dei utfordringane og mulegheitene folk i Etiopia står overfor er eigentleg slåande, avsluttar Åshild.



FAKTA

■ År 2000

■ 12. september 2007 var tusenårsskiftet eit faktum i Etiopia. Den etiopiske kalenderen som òg blir bruka av den ortodokse kyrkja, er basert på den koptiske kalenderen som igjen har grunnlag i den egyptiske kalenderen – og med element av den julianske kalenderen.

■ Den etiopiske kalenderen har tolv månader à 30 dagar, samt fem eller seks dagar i tillegg (avhengig av skotår), som blir kalla "den trettande månaden". Såleis reklamerer etiopiske styresmakter og ei gryande turistnæring med at landet har "13 månader sol".

■ Etiopia

Styreform: republikk
Areal: 1.127.127 km², fjellland, viktigaste dyrkingsland 1800-2500 m.o.h.
Folketal: over 80 millionar.
Hovudstad: Addis Abeba, vel 5 mill. innb., 2500 m.o.h.
Gjennomsnittsalder: 18 år
Middel-levealder: 47 år
Språk: amharisk, tigrinya, oromigna, somali, guaragign, arabisk, engelsk og fleire mindre språk.
Religion: islam 45%, koptisk kristne 35%, animistar 12% og fleire mindre religionar.
Valuta: Birr (1 birr tilsv. ca. 80 øre)
Sysselsetting: landbruk 46%, tenester 41%, industri 13%